



Tore Kvalheim
Fløholmen 6
5937 BØVÅGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/1326 - 17/652

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
13.02.2017

Byggesak Gbnr 28/110,116,148,149 og 155 Kvalheim nedre/Bressvika - naustområde - klage på vedtak - stadfesting av mottak

Radøy kommune stadfestar å ha motteke dykkar klage den 22.12.16. Klagen er retta mot «vedtak på byggesak 28/110-116-155-148-149 Naust Bressvika». Kommunen har oppfatta klage av 22.12.16 som ein førebels klage og førespurnad om utsatt klagefrist.

Radøy kommune stadfestar vidare å ha motteke dykkar e-post av 23.01.17 og 11.02.17. I e-post av 11.02.17 er det opplyst at klagen gjeld «vedtak 16/1311-16/13995 og 16/1338-16/13994 som omfatter bruk 28/155-110 og 116 i Bressvika».

Det er ikkje samsvar mellom gards- og bruksnummer som det er vist til i klage av 22.12.16 og gards- og bruksnummer/saksnummer som det er vist til i e-post av 11.02.17.

Kommunen gjer merksam på at det må gå tydeleg fram av ein klage kva vedtak som er påklaga, jf. forvaltningslova § 32:

Erklæring om klage skal:

- a) *fremsettes for det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket; dersom muntlig klage er tillatt, skal erklæringen settes opp skriftlig av vedkommende forvaltningsorgan;*
- b) *være undertegnet av klageren eller hans fullmektig eller være autentisert som fastsatt i forskrift, eller i medhold av forskrift, jf. § 15 a;*
- c) *nevne det vedtak som det klages over, og om påkrevet gi opplysninger til bedømmelse av klagerett og av om klagefrist er overholdt;*
- d) *nevne den endring som ønskes i det vedtak det klages over.*

Erklæringene bør også nevne de grunner klagen støtter seg til.

Inneholder en erklæring om klage feil eller mangler, setter forvaltningsorganet en kort frist for rettelse eller utfylling.

Kommunen ber om ein stadfesting på at klaga bare gjeld vedtak 16/1311-16/13995 (gbnr 28/110,116) og 16/1338-16/13994 (gbnr 28/155). Stadfestinga må vere sendt kommunen innan 27.02.17. Eventuelle utfyllande klagemerknader må sendast kommunen innan same frist.

Klagerett og klagefrist

Kommunen har førebels ikkje teke stilling til om klagen er levert rettidig etter forvaltningslova §§ 30 og 31.

Sakshandsamingsfrist

Sakshandsamingsfrist for klage etter plan- og bygningslova er 8 veker, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.

Handsaming av dykkar klage vil skje i Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte 29.03.17. Det vert med dette varsla etter forvaltningslova § 11 a at klagen grunna politisk møtekalender ikkje kan handsamast tidlegare.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Tore Kvalheim

Mottakarar:

Tore Kvalheim

Fløholmen 6

5937

BØVÅGEN